



Terje Jørgensen med nokre av måleria han stiller ut i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Terje Jørgensen (49), opprinneleg frå Odda men sidan 1998 busett på Valen, har ein svært allsidig yrkesbakgrunn. Han er også ein svært allsidig hobbykunstnar. Det viser han gjennom salsutstillinga som han opnar til helga i Kunst & Ramme i Uskedalen.

- Det er ei stund sidan eg presenterte ei utstilling no, men Terje er 'midt i blinken'. Målsetjinga mi sidan etableringa i Uskedalen har jo nettopp vore å la lokale krefter slippa til, seier 'galleri-eigar' Kjetil Dagestad til uskedalen.no.

Terje har nyleg hatt utstilling i Odda og fekk mykje skryt utan at han slo igjennom med omsyn til sal. No byr han fram 44 oljemåleri og pastellar frå eit tidsrom som startar i 1993 og går fram til i dag og han håpar og trur på betre sal i Uskedalen. Før måla han stort sett stilleben og landskap, men i den seinare tid har han vorte dristigare både med omsyn til motiv-val og fargebruk.

Han gjer også store sprang med omsyn til yrke. Den lærarutdanna oddingen har vore så mangt. Dei sju siste åra har han jobba med psykisk utviklingshemma i Herøysund, men no skiftar han over til å bli taxisjåfør!

Av Ola Matti Mathisen